

Riksantikvaren
Postboks 8196 Dep.
0034 OSLODato: 13.01.2017
Vår ref.: 2016/9015-13
Saksbehandlar: torslin
Dykkar ref.:

Att. Eva Walderhaug

Søknad om tilskot under Statsbudsjettet kap. 1429, post 70 - Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG)

Hordaland fylkeskommune viser til Dykkar orientering i e-post datert 16.12.2016, om søknadsprosedyrar og midlar til skjøtsel/tilrettelegging av bergkunst knytt til Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG).

I vårt samarbeid med Universitetsmuseet i Bergen, har aktiviteten i fjor hovudsaklig vore knytt til arbeidet med bergkunst-appen på Mostraumen. Dette prosjektet skal ferdigstillast før sommaren, og vi vil deretter prioritere å nytte midlane vi tidlegare har fått til skilting og tilrettelegging av Håhaugsteinen.

På bakgrunn av lokalt engasjement i Lofthus i Ullensvang kommune kring den gamle og falleferdige tilkomstrampa ved gropsteinen Tveitane (Opedal VII) id. 105726, vil vi i 2017 nytte høve til å erstatte denne tilrettelegginga med ein meir bestandig installasjon. Det har nyleg blitt merka tursti inn til lokaliteten, og slik trerampa framstår i dag, er ho meir skjemmaende enn til gagn for opplevinga av kulturminnet. Johannes I. Eidnes, som er ein av ressurspersonane frå «Munketreppenes vener» i bygda, har vurdert tilstanden til rampa og hjelpt oss med å få oversikt over forventa kostnader for riving og etablering av ny tilkomst. Ein legg her opp til å nytte meir varig material som passar betre med terrenget kring gropsteinen, samt trappefri tilkomst frå ei av sidene. Vi har også vore i kontakt med ein nærliggjande barnehage, som vi har von om kan ha interesse av å bidra med lågterskel skjøtsel i form av luking av gras og oppskot på lokaliteten. Med ei ny og imøtekomande tilrettelegging av lokaliteten, er det også på sin plass å få sett opp eit informasjonsskilt om kulturminnet. I lys av den avgrensa informasjonen ein har om denne spesifikke lokaliteten, får ein også høve til ei generell formidling av gropsteinar som kulturminne - ein kategori kulturminne som opptre svært tett nettopp i Ullensvang.

Estimert kostnad for ny tilrettelegging (material og arbeid) som vil ligge til grunn for innhenting av anbud frå lokale entreprenørar godkjent for ansvarsrett, samt utarbeiding av skilt og kjøp av stativ:

Riving		4000,-
Oppgrusing		5000,-
Trappetrinn	14 stk. a` 2000,-	14.000,-
Hellelegging	10 m ² a` 2000,-	20.000,-
Rekkverk i stål	6 m a` 1500,-	9.000,-
Skilt med stativ		35.000,-
Sum netto		87.000,-
+ mva.		21750,-

I samband med tilretteleggingsarbeidet, må ein ta høgde for at tiltaket kan innebere inngrep som krev dispensasjon frå kulturminnelova. Eventuell dispensasjonssøknad vil ein ta stilling til i detaljplanlegginga av prosjektet, men heile arbeidsprosessen må uansett bli nøye følgt opp av arkeolog frå Fylkeskonservatoren. Vesentleg del av Hordaland fylkeskommune si medfinansiering av prosjektet vil difor bestå av stor eigeninnsats i felt, samt bidrag og kvalitetskontroll med innhald på informasjonsskiltet. Estimert verdi av eigeninnsats: 60.000,-

Hordaland fylkeskommune søker om tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429, post 70 - Bevaringsprogrammet for bergkunst (BERG), til følgjande tiltak:

Prioritet	Prosjekttittel	Samarbeid	Total kostnad	HFK eigeninnsats	Tilskot
1	Tilrettelegging av Tveitane (Opedal VII) id. 105726	Hordaland fylkeskommune Universitetsmuseet i Bergen Lokalmiljøet i Ullensvang kommune	147.000,-	60.000,-	87.000,-

Utfylt EXCEL-skjema som skal følgje med søknaden er sendt per e-post.

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.